

## Varsel om oppstart av reguleringsplan

I samsvar med plan- og bygningslova § 12-8 vert det meldt oppstart av arbeid med reguleringsplan «Detaljreguleringsplan for skule og fleirbrukshall på Husnes» for eigedomen gnr/bnr 145/1 m.fl. i Kvinnherad kommune.

Tiltakshavar er Kvinnherad kommune og utførande konsulent er Multiconsult AS.



Føremålet med planen er å leggja til rette for ny fleirbrukshall, samt framtidig flytting av Undarheim skule. Planen byggjer på tidlegare vedteken områderegulering. Trafikksituasjonen og løysingar for trafikkavvikling vil verta eit viktig tema i det vidare planarbeidet.

Planforslaget utløyser ikkje krav om konsekvensutgreiing, då det er utarbeida planprogram med konsekvensutgreiing i områdereguleringa for skuleområdet Husnes.

For meir detaljar, sjå oppstartsbrev på Kvinnherad kommune sine nettsider, og på [www.multiconsult.no/aktuelt/kunngjoringer](http://www.multiconsult.no/aktuelt/kunngjoringer)

Naboar og grunneigarar vert varsla direkte. Eventuelle kommentarar/merknader til planarbeidet skal sendast skriftleg til:

Multiconsult AS v/ Øyvind Skaar, Kunnskapshuset, Sæ 132, 5417 Stord eller e-post [oyvind.skaar@multiconsult.no](mailto:oyvind.skaar@multiconsult.no) innan **29.09.2017**.